

På synssenteret vårt i Chisinau dukkar det stadig opp familiar og enkeltpersonar som har behov for hjelp, og i ein del tilfelle er situasjonen så alvorleg at vi ikkje har anna val enn å hjelpa dei. Julegaveprosjektet vårt omfattar fleire familiar som lever langt under fattigdomsgrensa. Her er nokre av dei:

#### Tre generasjonar der berre svigerdotter og eit barnebarn ser

Hos familien Caraman i Orhei er det berre tre av dei 14 familiemedlemmene som har normalt syn, tre er heilt blinde og åtte er sterkt synshemma. Husets yngste er berre 5 månader gamal, men ser ut til å ha normalt syn, så langt. Dei andre barna er fødte utan regnbogehinner, dvs. at auga ikkje har blenderopning som regulerer for lyset. Dagslys smertar, og endå verre er det om sola skin.

–Vi har aldri vore borti noko liknande med så mange synsproblem i ein familie, seier Hans Bjørn og Tatiana.



**Bilde:** Elizaveta (15) og bror Dorin (12) har fått lese-TV og andre hjelpemiddel. Fleire i familien har fått filterbriller som gjer at dei kan vera ute i dagslys. Men denne familien treng også økonomisk hjelp.

Samla trygd dekker halvparten av utgiftene deira til varme, husleige og mat, resten må dei låne.

– Spesielt vinteren er ein tøff tid. Då må eg ut og tigga for å skaffa pengar, seier den blinde faren.

#### Daniel

Du har kanskje sett Daniel i filmen Mirakelet i Moldova. Den tolv år gamle guten er klassifisert som blind og ser berre 3–4 prosent. Skulegangen starta på blinde-/internatskule i Balti; 120 km frå familien og heimen, men der var det ikkje kjekt å vera for den unge guten. Då han kom heim på juleferie gret han heile tida. Etter at han fekk lese-TV til både heimebruk og på skulen, fungerer Daniel svært godt. Han går no på blindeskule i Chisinau, og der ser det ut til å gå fint. Reisetida tek 45 minutt kvar veg – Hjelp Moldova betalar reiseutgiftene. Vi er ofte innom familien i Persecina, der Daniel bur saman med mora, som også er synshemma, far, bestefar (nesten blind) og bestemor (heilt blind).



**Bilde:** Daniel kan lesa tekst på mobiltelefonen ved hjelp av lupe.

#### Nico og Nelia

Mamma Nelia og sonen Nico bur i Orhei, 2 ½ times køyring frå hovudstaden. Også dei var med i dokumentarfilmen. Begge er sterkt svaksynte. Nelia får ca. 500,- kroner i månaden i uførepensjon, og faren er periodevis i arbeid utanlands, men det vert dessverre lite pengar av det. Familien har store vanskar med å klare seg, og får jamleg hjelp frå synssenteret.



Bilde: Nico.



**Bilde:** Pavel manglar språk, men viser stor glede når han får besøk.

#### På besøk til Pavel i Chisinau

Pavel (29) er sterkt multifunksjonshemma og treng hjelp til det meste heile døgnet. Då mor Maria døyddde for tre år sidan, overtok broren Andrej ansvaret. Det vart ein stor overgang for Andrej, som no er 36 år gamal. Hjelp Moldova har støtta familien i over ti år. Den vesle pensjonen dei får, dekkjer på langt nær utgifter til mat, medisn, straum, gass, husleige, bleier og anna. Julegavepengar betyr svært mykje for denne familien. Tidlegare innsamlingar har skaffa Pavel både ny seng, CD-spelar, medisinar m.m.

#### Natalia

Natalia (38) bur i landsbyen Molovata, på grensa til Transnistria. Ho måtte amputere eine foten for nokre år sidan, og fekk først ein ubrukeleg protese. Seinare lånte ho 3000 Euro til ei ny protese, og sit dermed i botnlaus gjeld etter det. Uførepensjonen hennar er ubetydeleg fordi ho tidlegare arbeidde utanlands i Moskva. Dermed har ho ikkje opparbeidd seg pensjon, så ho lever på om lag 300,- kroner i månaden. I tillegg tek ho ansvar for nevøen sin, sidan søstera hennar jobbar i Finland. Sidan det er vanskeleg å finne arbeid i Moldova, er det svært mange som ser seg nøydde til å forlate landet.

## Evelina

Evelina kom til Synssenteret i Chisinau i fjor haust saman med mor si. Evelina er 9 år og heilt blind. Ho mista synet fordi ho fekk ein svulst i hjernen. I tillegg fekk ho kreft i eine foten og måtte amputera. Først fekk ho protese laga i Moldova, men den var ubrukeleg. Dei fekk ei ny og betre i Ukraina, men til ein mykje høgare kostnad. Evelina bur saman med mor, far og to søsken i ein liten landsby nær hovudstaden. Faren er utan fast arbeid, men får tilfeldige jobbar no og då. Mora må vera med Evelina heile tida. Ho er blid og optimistisk, men det er ikkje vanskeleg å forstå at livet er tøft å leva.



**Bilde:** Evelina med mor si.

## Anna ser for heile familien

Hos familien Gherta er det berre 6 år gamle Anna som har normalt syn. Broren Damian (11) har vore pasient hos oss gjennom mange år. Synet hans vart gradvis svakare, og linsene i augo hans var i ferd med å mista feste. Sommaren 2017 vart han operert. Resultatet vart dessverre ikkje slik vi håpte på, så han har berre 1 % syn. Mora har ca. 2 % syn, og faren er heilt blind.



**Bilde:** Eit av Damians største ønske var å få eit trekkspel – det kan han meistre utan syn.

Blokka dei bur i er eit salderingsprosjekt, etter norsk standard. Leilegheita var trekkfull og fuktig, men med pengar frå julegåveprosjektet vart den renovert hausten 2016. Dei har fått både kjøkken, bad og nye vindauge. No er den mugne lukta heilt borte. Dei andre husværa i blokka har felles stå-toalett på gangen, så dette har snudd opp ned på tilværet for den vesle familien. Dei kan ikkje få takka nok. Men familien treng framleis hjelp. Dei lever på 1250,- kroner i månaden, dvs. ca. 10 kroner per dag per person.

## I økonomiske vanskar

Familien Banar bur i same blokk som familien Gherta. Her er både mor og Ramir på 13 år synshemma. Familien elles består av far, Ivan på 9 og Sofia på 4 år. Då Ramir var 3 år gammal måtte han gjennom ein stor augeoperasjon. Ingen av dei offentlege sjukehusa ville utføra operasjonen, så den vart gjort på ein privatklinikk. For å redde synet til Ramir tok familien opp eit lån på 50 000 lei (25 000 kr). Dette klarte dei ikkje å betene, og faren som hadde jobba i Russland, blei derfor fråteken passet til deler av gjelda var betalt. Dermed kan han ikkje lenger forlate landet for å få arbeid. Han har no jobba litt i Moldova, men ikkje fått lønn. Per i dag har dei nesten ingen inntekt og lever på om lag 1000,- kroner per måned. Dei har framleis ei stor gjeld og ei kommande rettssak i vente.



**Bilde:** Då vi var på besøk for nokre veker sidan, spurte dei forsiktig om vi hadde med klede og sko av og til, for dei trengte spesielt sko til vinteren.



Hjelp Moldova er ein uavhengig, humanitær organisasjon som har jobba i Moldova i 25 år. Hovudprosjektet vårt er hjelp til synshemma. Di støtte jula 2018 gir håp for fattige familiar.

[www.hjelp-moldova.no](http://www.hjelp-moldova.no)

Bankgiro 3626 07 2390

Vipps 107524

